

Til WATTN
v/ Kari Knutsen
kari.knutsen@wattn.no

Konsekvensar av kraftsamanslåinga WATTN for medlemmene i FIN

Flora Industri og Næringsforening (FIN) har det meste av bedriftene i gamle Flora kommune som sine medlemmar. FIN skal koordinere og fremje medlemmane sine felles interesser, og vil difor komme med ei uttale om konsekvensane av WATTN for næringslivet i Florø. Les meir om FIN her:
<https://www.florain.no/>

Medlemmane våre som bruker SFE som kraftleverandør, reagerer sterkt på e-posten dei no har fått frå WATTN, der kredittida no vert halvert frå 20 til 10 dagar ved lanseringa av WATTN. Dette gjer det økonomiske tilbodet dårlegare for verksemdene og for deira tilsette. Dessutan vert det interne kontrollarbeidet av faktura vanskeleggjort med så kort kredittid.

Ved lanseringa av WATTN tidlegare i sommar, vart det brukt fyndord som:

- Store nok til å gjøre ting bedre
- Foreløpig vil du ikke merke noe forandring

Desse fyndorda står ikkje til truande etter e-postane vi mottok frå WATTN i går, og vi ber om at kredittida ikkje vert endra på. Fleire av medlemmane seier at dei vurderer å skifte kraftleverandør om denne endringa vert ståande.

Florø dato 28.9.2021

Bjørn Hollevik
Leiar FIN

bjorn.hollevik@eninvest.net
913 81 879

Anita Øygard
sekretær FIN

post@florain.no
901 20 598